

Utvikling



Vi går over frå dunakart til glattkart i dei tidlegaste felta. På austlandet er kartdiameteren 15-30 mm i eple og 15-25 mm i plomme. Vi er inni slutten av celledelingsfasen og vi bør gi trea optimale vekstvilkår med varme og vatn. Det er ikkje enkelt å styre klimaet, slik at nok vatning er det ein kan bidra med i denne samanhengen. Det er stort sett ferdig med kartfall i plommer, men det er framleis eit par veker igjen til «junifallet» i eple. Etter kartfallet kan tynninga ta til.

Gamal lærdom var at plommene skal være ferdigtynna når steinen er hard. Steinen er mjuk endå, så ein har eit par veker på seg til å få gjort arbeidet.

Gjødsling og vatning

Økologisk gjødsel brukar lang tid på å bli plantetilgjengeleg, så ikkje overdriv gjødslinga. Patentkali kan være aktuelt på lette jordartar og for å gi ekstra med kaliumgjødsel for å auke eplestorleiken. Ta kontakt med rådgivar i NLR.

Vatning på austlandet og delar av vestlandet må følgjast opp, sjølv om det har kome regn denne veka. Det går fort med 1 - 2 liter pr tre om dagen om ein har tørre forhold. For pærer kan behovet være det dobbelte.

Ugras




Fortsett å holde ugraset nede. Vi nærmar oss rotlausveka til høymole og andre artar i syrefamilien. Om teorien stemmer, skal det være enklare å få med røttene i denne perioden. Skal ein topppe denne teorien, så skal ugrasluking skje i mørket. Om en knekk av røttene, så treng rotbitane lys for å kunne spire på nytt. Rask jorddekking av rota, kan gjere at planta dør. Om alt dette er praktisk gjennomførbart får være opp til kvar enkelt å prøve ut.


Bilete 1 viser åkertistel som har god vekst i eit 'Tohuku 2' felt. Åkertistelen har formering med lange underjordiske utløparar og kvasse tenner som gjer den brysam å fjerne.

Kjernefrukt

Vi har kanskje noko mindre utfordringar med larver som gnag på bladverk og eplekart, men epleviklaren kan bli grådig om den får holde på i fred i utsette felt. Dei felte som tidlegare år har hatt mykje epleviklarskade bør ha hengt opp feromonforvirringa Isomate CLS på våren. I tillegg kan det være ein fordel å få til ei eller to behandlingar med Madex Top. Første behandling Madex Top var ved starten av eggklekkinga som var i forrige veke. Neste runde etter 10 dagar etterpå som blir rundt 27. juni. Bruk høgaste dose på den andre runden.



Bilete 2: skjermdump fra VIPS 7/6-23. De ulike søylene viser voksne, egglegging og larveklekking. Sprøyting må skje før alt for mange epleviklerlarver har gått inn i eplekanten.



Bilete 3: viser skjermdump fra RIMpro 21/6-23. Klekketoppen er ut i neste veke og det er då ein bør køyre Madex Top.

Madex Top



Dose: 5-10 ml/daa

Tidspunkt: når larvene klekker, før de går i fruktene

Behandlingsfrist: 0 dager

Avstand til vann: Ingen krav

Dispensasjon.

Tillattbrukt og lagret i perioden 1. mai 2023 28. august 2023.

Mot eplevikler i eple og pære

Kan brukes i økologisk produksjon

Viktig info:

Utsprøyting tidlig på kvelden i oppholdsvær.

Størst dose ved eggklekking.

Følg med på RIMpro Cydia eller lokal varsling. Gjenta behandling ved behov.

Intervall på 6-8 dager med sol. Maks 10 ganger pr år.

Blanding andre midler går greitt om pH er 6 - 8.



Tiltak:

Turex 50 WG er eit biologisk insektmiddel basert på sporar frå bakterien *Bacillus thuringiensis* spp. *aizawai*. Middelet må berre sprøytast ut når sollyset ikkje treff trea. Så sprøyting på kveld eller overskydag er nødvendig, sidan UV-lys øydelegg bakterien. Larvene må eta i seg tilstrekkeleg med bakterier, så larveaktiviteten må være høg for å oppnå god effekt. Temperaturen har mindre å seie.

Isomate CLS Plus er eit feromonprodukt i eingangsdispenserar som hengast opp i trea. Feromona bør være oppe seinast ved avblomstring, men gjerne tidlegare.

Madex Top er eit virus (*Cydia pomonella granulovirus*) som verkar ved at epleviklar-larvene kjem i nærkontakt med behandla materiale. Sprøytetidspunkt og dosering skal tilpassast eggklekkings-kurven i RIMPro-varsling for epleviklar. Viktig å oppbevare middelet kjølig, helst i fryseboks.

Bladlus



Vi finn rikelig med bladlus i enkelte felt. Olje/såpe har liten effekt på vaksne individ, men Natria/insektskonsentrat som punktsprøyting (dvs. kun sprøyting på lusetoppene) kan vera aktuelt om ein oppdagar angrep tidleg. Sjekk Plantevernplanen for dosering etc.

Bilete 4: angrep av raud eplebladlus. Symptom er bladkrølling og kanskje meir maur enn vanleg i trea. Lusa lagar «knertepler».


I pære ser me no ein del pæresugarar i felt. Les meir om skadegjeraren her:

<https://www.plantevernleksikonet.no/l/oppslag/945/>

I økologisk drift er det kun blanding av bittersalt/ (NB! Plantebasert) Aminosol me evt. har lov til å nytta mot denne jfr. plantevernplanen s 26.

Tolking RIMpro-varsel for epleskurv

RIMpro er eit kombinert varslings- og simuleringsprogram for m.a. epleskurv. Følg med på [Varslingsmodeller og skadeterskler - VIPSWeb \(vips-landbruk.no\)](http://Varslingsmodeller og skadeterskler - VIPSWeb (vips-landbruk.no)).



Bilete 5: skurvinfeksjonar ser ut til å ha vore fråværande i år på austlandet. Me ser likevel at felt med svake sortar og høgt smittepress frå i fjor nok har bladverk med epleskurv. Perioden 19. - 22. juni er svært viktig å ha god dekning mot epleskurven på austlandet.

Tiltak mot epleskurv:

- ✓ Thiovit Jet; 300-450 g/daa.
- ✓ Bakepulver; 750 g/daa. Brukast etter skurvinfeksjon, men før infeksjonen rekk å vekse inn i blada. Tida dette tek vil varier med temperaturen, men ofte er det for seint etter 30 timar.
- ✓ Natron; 500 g/daa. Kan oppstå sviskadar på dunakart og om det tørkar seint opp.

Tynning

Høveleg avstand mellom fruktene kan variere med sort og dyrkingsvilkår. Formålet med dyrkinga kan også bestemme om ein skal bruke mykje tid på felt som uansett endar opp som jus eller industrifrukt. For dei småfalne eplesortane 'Discovery', 'Rubinstep' og 'Katja', må det alltid brukast tid på tynning for å få opp storleiken. Ta vare på midtkarten sidan den stort sett er den største. I tillegg kan ein setje igjen ein sidekart om det er passe ansett på greina.

For 'Aroma' kan det være vanskeleg å setje igjen passe med avling. Tynnar ein for hardt vil det ofte medføre få og svært store eple over 85+ mm. Her kan ein sein tynning i juli/august være aktuelt. Ser det ut til å bli store eple må ein fjerne dei største kartane i denne sorten.